



Foreldreutvalet
for barnehagar

Mobbing i barnehagen

Korleis kan heim og barnehage samarbeida?



Barn og mobbing

Mobbing i barnehagen finn stad på fleire måtar, m.a. ved at barn blir plaga eller stengde ute frå leik – anten det er vaksne til stades eller ikkje. Barn som blir mobba, går glipp av eit godt fellesskap, leik og læring.

Forskningsrapporten «Hele barnet, hele løpet; Mobbing i barnehagen» (Lund, mfl. 2015) viser at både barn, tilsette og foreldre meiner at det finst mobbing i barnehagen.

Det er likevel flere ansatte enn foreldre som sier at mobbing finnes. Foreldrene på sin side, har forventninger om at de ansatte avdekker og stopper mobbing. Samtidig sier en av fire ansatte og foreldre at mobbing i barnehagen ikke finnes, noe som er alvorlig fordi det kan føre til at mobbing ikke avdekkes eller stoppes.

Rapporten stadfestar at leik og vennskap er det aller viktigaste for barn i barnehagen,

I forskningsrapporten blir mobbing definert som følger:

“Mobbing av barn i barnehagen er handlingar frå vaksne og/eller andre barn som krenkjer barnet si oppleving av å høyre til og å vere ein verdifull person for fellesskapet.”



og i intervjuet med barna kjem det fram at opplevinga av venskap og det å bli inkludert i lek er avgjerande for at barna skal trivast i barnehagen. Det er difor heilt nødvendig for vaksne å vere til stades og engasjere seg i leiken til barna. Det er avgjerande at foreldre og tilsette snakkar og jobbar saman for å få slutt på mobbing og krenkingar, og at det blir laga ein plan for korleis slike problem kan førebyggjast, avdekkast og stoppast.

FUB er oppteke av at opplevingane og kjenslene til barna og den som blir mobba, blir teke på alvor. Arbeidet mot mobbing må vere eit gjennomgåande tema i barnehagekvardagen

Grunnlaget for seinare skulegang og yrkesliv blir lagt i barnehagen. Førebygging av mobbing må difor starte tidleg, slik at barna utviklar gode haldningar og samspeismønster både her og no og vidare i livet.



FUB er med i Partnerskap Mot Mobbing,..

... som skal bidra til
å styrke leiarar og barnehagar og
å spreie kompetanse og
kunnskap.

Korleis ser mobbing mellom små barn ut?

Tala frå nasjonal og internasjonal forskning varierer, men hovudtyngda av resultatata viser at mellom 6 og 12 prosent av barna i barnehagen blir mobba, kjenneteikn på mobbing kan vere:

- utestenging frå leik og aktivitetar
- erting, bli leidd av, kalla sårande ting
- slag, dytting og lugging
- egedelar blir øydelagde og gøymde vekk



”Å behandle barn med respekt vil seie å ta den subjektive opplevingsverda deira på alvor ved å lytte, forstå, stadfeste og vidareformidle kunnskapen som barn formidlar frå sin ståstad.” (Lund, m.fl.2015),

Kva kan barnehagen og foreldra gjere?

Mobbing går gjerne føre seg utanfor dei vaksne si rekkevidde, og kan vere vanskeleg å oppdage. Dette gjer det viktig for dei vaksne å vere tett på og observere samværet og leiken til barna, slik at dei veit kva som går føre seg. Dei vaksne må «ha på mobbebrillene» og ta ansvar når det oppstår krenkingar og utestenging. Når mobbing blir oppdaga, må dei vaksne vere tydelege, seie i frå på ein vennleg måte at mobbing ikkje blir akseptert, og setje i verk tiltak. For eit barn som blir utsett for mobbing, er det viktig å få støtte og hjelp der og då.

Vaksne kan også krenkje barn med ord og handlingar. Ved å setje merkelappar på barn som til dømes «sutrete», eller ved å gi nokre barn ekstra mykje merksemd, kan tilsette og foreldre vere med å stigmatisere og gjere skilnad på barn. Dei tilsette i barnehagen må ha eit felles definert barnesyn, slik at grunnleggjande verdiar som respekt og god omsorg pregar kommunikasjonen med barna. Dei vaksne rundt barna må også ha eit medvite og reflektert forhold til seg sjølve som rollemodellar, og ha ein avklart veremåte i møte med andre barn, kollegaar og foreldre.

Barna kan sjølve vere med på å skape eit godt miljø i barnegruppa. Når dei blir involverte i arbeidet med å skape eit godt fellesskap, kan barna og dei vaksne snakke saman om korleis alle i barnehagen skal vere mot kvarandre. Involvering av barna er nedfelt i barnehagelova § 3. Barns rett til medvirkning: «Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.»




”I leikande samspel med andre barn får barn høve til å uttrykke og kjenne at eiga opplevingsverd tel. Ved at denne kan delast med andre rundt skaper ein samstundes fellesskap og tilknytning.”

(Bae, 2005)

Dei vaksne må:

- vere saman med barna slik at mobbing kan fangast opp
- vere nær nok til å sjå og høyre
- vere aktive, varme og engasjerte
- bry seg



I barnehagen kan personalet gjennomføre barnesamtalar for å finne ut meir om trivselen og samspelet i barnegruppa. Det må jobbast systematisk med å fremje respekt og toleranse mellom barn i barnehagen. Haldningsfremjande arbeid i barnehagen kan langt på veg førebyggje mobbing og krenkingar mellom barn, både i løpet av barnehagetida og seinare i livet. Vennskap mellom barn er også ein viktig føresetnad for å førebyggje mobbing. Foreldre og tilsette har ei særskild viktig oppgåve med å leggje til rette for og fremje vennskap mellom barna.

Samarbeid mellom heim og barnehage

Det er særst viktig at foreldra blir involverte i arbeidet med å førebyggje, avdekke og stoppe mobbing i barnehagen. Foreldra må også melde frå til barnehagen dersom dei oppdagar mobbing blant barna. Det er av vesentlig betydning at foreldre og ansatte snakker og jobber sammen for å få slutt på mobbingen, og at det lages en plan for hvordan dette kan forebygges, avdekkes og stoppes.

I tillegg til å følgje opp trivselen og velværet til sine egne barn, har det mykje å seie at foreldra bryr seg om barna til andre og inkluderer dei i sin eigen kvardag.

Ein måte å gjere dette på er å helse på dei andre barna i barnehagen, slå av ein prat og invitere heim andre sine barn. Foreldra kan også fremje eit godt miljø i barnehagen ved å snakke positivt om barnehagen, dei tilsette, dei andre barna og familiane deira seg imellom.





Foreldreutvalet
for barnehagar

Mobbing i barnehagen

Foreldreutvalet for barnehagar

© 2021

foreldreutvalgene.no

post@fubhg.no

Tlf: 477 99 200

